

Fra: Solfrid Aksnes (solfrid.aksnes@gmail.com)
Sendt: 13.01.2016 12:12:07
Til: Bjørg Larsen
Kopi: Tone Stedal Haugland

Emne: Tilskot til Stiftinga Messen Kunst og Kulturhus
Vedlegg: image002.jpg;Justert budsjett jan 2016.pdf

Hei!

Eg kontakte dykk på vegne av styret for Stiftinga Messen Kunst og Kulturhus i Ålvik. Me fekk tildelt eit tilskot på kr. 200.000 frå ordninga: **Kulturbygg med regional funksjon**, på Kultur og ressursutvalet sitt møte 18.08.2014

Av eit budsjett på Kr. 1470.000 har me til saman fått invilga tilskot på kr. 890.000 inklusiv eigen dugnad. Me sende dykk justert budsjett og finansieringsplan, og med ein justert prioriteringsplan av delprosjekta pr i dag. Me har sett i gang noko arbeid i forhold til justert budsjett. Som de kjenner til er det vanskeleg å få fullfinansiert etter søknadsbudsjett sidan alle instansar gjev lågare summar enn me søkje om. Difor held me oss til dei midlane me har fått inn og prioriterer delprosjekta utifrå midlane me har tilgjengeleg.

- 1) Me har gjennomført kravet frå Kvam Kraftverk om ny Hovudtavle som hadde ein tidsfrist. Dette sente me melding om til dykk for eit år sidan.
- 2) Me har gjennomført maling av vindaugo og dørar utvendig på dugnad, med material og leigekostnadar. Dette hadde hastverk for å redde vindaugo frå rotning. Det gjenstår noko arbeid til 2016.
- 3) Det vert i desse dagar sett i gang arbeid med eit nytt bad og skifte av varmtvannstank . Dette er påkravd då det er stor pågang av gjestekunstnarar og huset vert fullt utnytta komande år. Byte av gamal varmtvannstank vil seier lågare straumutgifter.

Me har fått nye prisar på bad og varmtvannstank. Det sama skal me gjere med dei neste prioriterte prosjekta.

Me ber om å få utbetalt tilskotet frå dykk eller den delen som kan utbetalast no, slik at me kan betala rekningane etter kvart som dei kjem.

Eg set dessverre ikkje med heile tildelingsbrevet og har difor ikkje saksnummeret.

Organisasjons- og Kontonummeret til Stiftinga er:
Org. nr 999 54 1402
Knt nr. 3530.26.20391

Ta kontakt om de treng fleire opplysningar.

Med venleg helsing
Solfrid Aksnes



Styremedlem i
Stiftinga Messen Kunst og kulturhus.